

Vår ref.:  
21/01412-8

Dato:  
21.09.21

## Referat IDF 6/21 (20.09.2021)

Tid: 20.09.2021, kl. 12.30 – 14.00 på Zoom

### Tilstade (heile eller deler av møtet)

#### Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Anette Undheim	Seniorrådgjevar HR
Linn Melby Meyer	Rådgjevar HR / referent

#### Arbeidstakar:

Eva Leirbæk	Parat
Toril Olesrud Fjørtoft	Norsk Sykepleierforbund
Gjert Anders Askevold	Forskerforbundet
Aslaug Furholt	Utdanningsforbundet
Pål Albert Olsen	Akademikerne
Nina Samnøy	Akademikerne
Karin Bell	Hovudverneombod

### FASTE PUNKT

28/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

### INFORMASJONS- OG DRØFTINGSSAKER

29/21 Saker til styremøtet - rektor deltok for å orientere/ drøfte styresakene.

50/21 – Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

51/21 – Justert forslag til møteplan for Høgskulestyret 2022

52/21 – Forlenga sensurfrist – KAS 500 Avansert allmennsjukepleie til pasientar med akutte og kritiske helseproblem

Rektor orienterte kort.

Det vert av FF vist til at dette er saker som stadig kjem til høgskulestyret. Sjølv om det er viktig å ta omsyn til studentane sine rettigheitar er det også viktig å stille spørsmål om korleis ein vurderer dei tilsette sine rettar knytt til raude dagar/helgedagar knytt til jul og sensur.

Rektor viser til at det er ei streng praksis på utsetting av sensur, som ein etter regelverket må ha løyve frå styret for å utsette. Det er ikkje lagt opp til arbeid i høgtida og raude dagar, men bruk av romjula.

Parat stiller spørsmål til forskifta, der ein nyttar kalenderdagar istaden for virkedagar. Dersom virkedagar hadde vore nytta hadde problematikken vore løyst. Rektor notetar spørsmålet og tek det med seg vidare.

### **53/21 – Oppnevning av skikkethetsnemnd 2021 – 2024**

Rektor orienterte kort.

Parat viser til at det er ei god samansett nemnd med 11 medlemmar. Men stiller spørsmål om kvifor det ikkje er oppnemnd vara? Har høgskulen vurdert vara?

Rektor noterer seg at spørsmålet er reist, det vert også vist til at det ikkje er krav i forskrifta om vara.

### **54/21 – Lokale lønnsforhandlingar 2021**

Rektor orienterte kort.

FF ser at HVL ikkje ønskjer å gje midlar til forhandlingane og organisasjonane er samde i at det opplevast som uheldig at høgskulen ikkje ønskjer å legge inn ekstra midlar i potten. FF viser til at berekningar dei har gjort viser at det med dei rammene årets lønsoppgjjer har, vil det vere tilsette som får reallønnsnedgang i år. Akademikerne viser til at konsumprisindeksen har auka frå august 2020 til august 2021.

Organisasjonane er samde i at ein bør auke snittlønna på dei fleste, slik at HVL samanlikna med andre institusjonar kan konkurrere om kompetansen i marknaden.

Organisasjonsdirektøren viser til at ein i årets oppgjjer har høve til å få til gode forhandlingar innanfor dei rammene som er sett. Målet om lønsvekst for mange, og omsynet til ei rimeleg lønsutvikling for alle tilsette ligg som eit eige kriterium i lønnspolitikken. Så ser vi at det alltid vil vere ein diskusjon om ein bør eller ikkje bør legge til ekstra midlar i potten. Det er viktig å merke seg at det er partane sentralt som forhandlar fram råma for lønsoppgjjeret lokalt, og at prisvekst er ein viktig faktor i det sentrale oppgjjeret.

UDF viser til at nyttilsette kan forhandle seg til høgare lønn enn kva tilsette som har vore lenge i stillinga og at det då oppstår skeivheiter i organisasjonen som bør kunne rettast i forhandlingane.

Parat viser til at det er viktig at høgskulen også tenker framover og situasjonen vi kjem inn i knytt til at vi skal bli universitet og konkurransesituasjonen i høve UiB, NHH og andre område vi konkurrerer med.

Organisasjonsdirektøren viser til at HVL har eitt godt søkjartilfang til stillingane våre og at vi klarer å konkurrere om å få dei beste kandidatane. Sektoren er også oppteken av konkurransesituasjonen til andre sektorar, men vi klarer ikkje møte alle problemstillingane i dei lokale forhandlingane.

### **55/21 – Politikk og retningslinjer for forvaltning av immaterielle rettigheter generert ved Høgskulen på Vestlandet.**

Rektor orienterte kort.

FF viser til at det er positivt at HVL får på plass slike retningslinjer og er einig med rektor om at det er eitt stort og komplekst felt med fleire lover og retningslinjer ein må rette seg etter.

Til punkt 6.7, avsnitt 3 i retningslinjene stiller FF spørsmål om kva «ikkje eksklusiv bruksrett» betyr og om det har vore juridisk vurdert opp mot åndsverklova?

Rektor legg til grunne at dei retningslinjene som er utarbeid er etter gjeldande regelverk. Tek med seg innspelet vidare.

Akademikerne og FF stiller spørsmål om dei nasjonale retningslinjene er på plass og kor samkøyrte er HVL med dei andre UH institusjonane? Rektor viser til at det ikkje er teke initiativ til samkøyring i UH-sektoren,

men at vi føl debatten i sektoren, legg til grunn nasjonale retningslinjer og ser til det resten av sektoren har gjort på området. Det er viktig å presisera at ein har hatt gode prosessar i høgskulen knytt til desse retningslinjene og at rettane til dei tilsette er godt ivareteke gjennom desse retningslinjene. FF ventar på ei ny gjennomgang av politikk og retningslinjer når dei nasjonale retningslinjene er på plass.

### **O-37/21 – Forskingsmelding HVL 2020**

Rektor orienterte kort.

FF stiller spørsmål om kva forskingsmeldinga betyr for det vidare arbeidet i HVL og kva er så konsekvensane av dette? Rektor viser til at informasjonen vert delt ned på fakultetsnivå, og det er hovudsakleg opp til fakulteta å ta dette vidare. Arbeidet ligg tett opp til universitetsprosjektet sitt arbeid, og meldinga utgjer eit godt grunnlag for å styre forskingsverksemda vår.

Rektor viser til at det vert gjort eit stort arbeid for å formilde forskinga som vert gjort i høgskulen, både gjennom forskarane sjølve i samband med publikasjonar, og gjennom godt samarbeid mellom forskarane våre og kommunikasjonsavdelinga. Vi er ofte opptekne av det kvantitative og dei parametrane som er sett for at vi skal bli eitt universitet, men samfunnsrelevansen til omgjevnadane våre finns i det kvalitative arbeidet som vi ikkje får fram i forskingsmeldinga, dette er viktig å ta med seg vidare.

### **O-38/21 – Orienteringar frå rektor**

Rektor orienterte kort. Ingen innspel

## **30/21 Eventuelt**

### **Sak frå FF - Spørsmål om prosess og forhandlingar knytt til ombygging/omgjeringa av areal i Fossbygget.**

FF orienterer kort om saka. Viser til at tillitsvalde er invitert til å delta i prosjektgruppe, stiller spørsmål om kor ein er i prosessen og om det vert lagt opp til forhandling ved omgjering av lokala?

Avdelingsleiar HR har ikkje fått undersøkt nærare kor prosjektet står, men at det ikkje har komme langt når TV og verneombod no er invitert inn til å delta i prosjektgruppa. Når det kjem til ombygging eller omgjering av areal har vi fastsett prosedyre for handtering, inkludert medråderett og medverknad, i eige vedlegg som del tilpassingsavtalen til hovudavtalen.

Avdelingsleiar vil innhente informasjon frå ADU og orientere HTV og HVO om prosessen vidare.

### **Sak frå NTL – Kan me få orientering om status for arbeid med kompensasjon for kveld- og helgearbeid**

NTL spilte inn spørsmål i forkant av møtet, og var ikkje i møte for å utgreie vidare.

Avdelingsleiar HR viser til at vi har hatt oppe denne problemstillinga tidlegare med HTV. Det har vore utgreidd omfanget av bruken, og dette gjeld nokre få tilsette i einskilde fagmiljø som har undervisning kveld og helg. HVL har ikkje høve til å inngå ein særavtale som går ut over dei føringane som allereie ligg i hovudtariffavtalen. Men viser til at ein i tillegg har høve til å kompensere på arbeidsplanane for dei tilsette det gjeld. Det er ikkje ønskjeleg å knytte spesialordningar opp mot livslang læring og EVU, då dette er ein del av den ordinære drifta.

Hovudverneombod stiller spørsmål om dette er arbeid ein blir pålagt på søndagar, sidan dette er skal vere regulert etter AML §10-10.

Avdelingsleiar HR viser til at det ikkje er mange slike saker, men at problemstillinga vert reist og at vi må ta denne med vidare. Det er viktig at fagmiljøa og fakulteta finn gode løysingar for dette.

**UDF spilte inn sak knytt til frikjøp av forskingsstipend ved sjukefråvær i førre møte.** Avdelingsleiar HR viser til at ein treng litt meir tid for å sjå korleis fakulteta handsamar dette.

Organisasjonane ønskjer også retningslinjer knytt til sjukefråvær i TE-plan og korleis dette skal løysast då nokon kjem skeivt i «rekneskapen» etter ei sjukemeldingsperiode. Avdelingsleiar HR viser her til at HVL har utarbeidd overordna felles prinsipp for fordeling av arbeidstid for UFF tilsette. UDF viser at det er bra med fleksibilitet, men at det må opplevast som rettferdig og at ein vert behandla likt.

---

Avdelingsleiar HR oppmodar dei HTV til å spele inn saker til eventuelt i god tid før møta, slik at arbeidsgjevar har høve til å undersøkje problemstillingane godt slik at vi kan gje gode tilbakemeldingar i møta.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.*